



**Ved 21.30.tiden ikveld seg ein gamal kjenning sakte mot vest gjennom Storsundet . Det var MS Breamar til Fred Olsen Cruise Lines som med sine 24.000 tonn er det minste av det norske reiarlaget sine cruisebåtar ettersom både Balmoral (44 000), Black Watch (28 000) og Bouilla (28 000) er større. Skipet vart sjøsett i 1993 og kan ta nesten 1000 passasjerar som eit mannskap på knappe 400 tek hand om.**

Det 195 meter lange skipet som har basen sin i Dover vart konstruert av Crown Cruise Line og heitte frå starten Crown Dynasty, I 4 år på 1990-talet var det chartra av Cunard inntil det vart overteke av Norwegian Cruise Line.

I 2001 overtok Fred Olsen og døpte om skipet frå Norwegian Dynasty til Breamar, eit namn med stolte norske tradisjonar. Over og under passerar Breamar Skorpo.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen

